

**MØTEBOK**

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for opplæring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, møterom FIRDA</b>
<b>Møtedato</b>	<b>29.08.2007</b>
<b>Kl.</b>	<b>13:30 – 15:30</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Knut M. Olsen (SP)**  
**Jarle Skartun (SP)**  
**Laila Melkevoll (SP)**  
**Arne Hovland (A)**  
**Signe-Andrea Henden (SV)**  
**Edith Aarebrot Madsen (H)**

**Forfall til møtet:**

**Gunnvor A. Sunde (A)**  
**Siv Langøen Rotevatn (V)**  
**Svein-Ottar Sandal (KrF)**

**Varamedlemmer til stades:**

**Laila Rinde (A)**

**Til stades med tale-/framleggsrett:**

**Fylkesdirektør Bekka Skaasheim**  
**Felles fylkeshovudtillitsvald Magnar Aase LO-forb.**  
**Frå Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane**  
**Susanne Lillestøl Paulsen**  
**Elev og lærlingombod Venke Nordeide**

**Andre til stades:**

**Ass. fylkesdirektør Per Jørgen Loen**  
**Kontorsjef Ingeborg Lie Fredheim**  
**Fagkoordinator Siri Merete Nedland**  
**Fagkoordinator Reidun Liljedahl Fimreite**  
**Bygge- og eigedomssjef Torolf Norheim (under  
handsaming av sak 24/07)**

**Sekretariat for møtet:**

**Konsulent Gerd Haugen**

**Innkalling:**

Ingen merknader.

**Sakliste:**

Laila Melkevoll (SP) melde inn 2 spørsmål til administrasjonen:

1. Læremiddel på nynorsk
2. Sekretær-ressurs for Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane

Utvalet vedtok ope møte

Møtebok frå 20.06.07 vart godkjend utan merknader.

**Munnleg orientering  
v/fylkesdirektøren:**

- Læremiddel på nynorsk

**Merknad:**

Hovudutval for opplæring er svært misnøgde med situasjonen for læremiddel på nynorsk. Det må vere ein føresetnad at nynorske læremiddel kjem samstundes og til rett tid på begge målformer. Hovudutval for opplæring står fullt opp om elevane sin kamp for denne saka. Uttale om dette skal sendast Kunnskapsministeren.

- Sekretær-ressurs for Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane

**Munnleg orientering  
v/leiaren:**

Neste møte i hovudutval for opplæring

Neste møte i hovudutval for opplæring blir på Alexandra hotell den 19.09.07, kl. 12:00

**SAK 23/07      Driftssituasjonen for landslinene**

**VEDTAK:**

- 1 Landslinene vert innlemma i den ordinære budsjettprosessen etter alternativ 2 i saksutgreiinga. Fylkeskommunen yter eit fylkeskommunalt tilskot som dekkjer differansen mellom det statlege tilskotet og budsjettert kostnad ved landslinene. Det er ein føresetnad at oppdragsundervisning og internat er sjølvfinansierande.
- 2 Parallelt med dette må det arbeidast for å få auka dei statlege tilskota slik at desse fullfinansierer landslinetilboda.

**SAK 24/07      Utvida leige Stadionbygg Vest - Fosshaugane Campus**

**VEDTAK:**

**Hovudutval for opplæring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå leigeavtale med Sogndal Fotball AS om resterande areal på plan 2 i Tribunebygg Vest.

Som konsekvens av denne leigeavtalen vert arealet for nybygget – 1. byggesteg for Sogndal vidaregåande skule – redusert med 270 m2 netto.

- 2 Leigeavtalen har ei økonomisk ramme på kr. 350 000,- eks. avg. og vert finansiert ved at løyvinga til 1. byggesteg for Sogndal vidaregåande skule vert redusert med 5 mill. kr. til 232 mill. kr.. Dette vert innarbeidd i økonomiplanen ved neste rullering.

---

**SAK 25/07 Skriv og meldingar - HO-møtet 29.08.07**

**Skriv til drøfting:**

- Nr. 1 Rådgjevingstenesta i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane

Notat frå fylkesdirektøren datert 13.08.07

- Nr. 2 Rådgjeving på nett - oppsummering av prøveprosjekt skuleåret 2006/2007

Notat frå fylkesdirektøren datert 13.08.07

**Merknad:**

Hovudutvalet ønskjer sak om oppretting av eit brukarstyrt nettsamfunn der ungdom og lærarar skriv og kommuniserar mellom utdanningsnivåa.

Hovudutvalet ønskjer ei nærare utgreiing om utfordringane knytt til delt rådgjevingsteneste.

**Skriv til orientering:**

- Nr. 3 Rapport skulebesøk 2007

Notat frå fylkesdirektøren datert 13.08.07

- Nr. 4 Skjenking i Øyrane vidaregåande skule sine lokale

Søknad frå Øyrane vidaregåande skule datert 01.08.07

Notat til FU - søknad frå Øyrane vidaregåande skule om skjenking i skulen

- Nr. 5 Svar – Høyring – Forslag om endring i finansieringsansvaret for opplæring i barnevernsinstitusjonar – opplæringslova § 13-2

Kopi av brev til Kunnskapsdepartementet datert 22.08.07

- Nr. 6 Prosjekt Høyanger vidaregåande skule

Notat frå fylkesdirektøren datert 29.08.07

---